


SINDRE SKEIE
GEIR ENDRE KRISTOFFERSEN
JOAKIM STEGEN TISCHENDORF



Verbum

Innhold

Bruksrettleiing		s. 4
Første samling		
Lukas 18,9–14	Farisearen og tollaren	s. 10
Andre samling		
Lukas 15,11–32	Sonen som kom heim	s. 18
Tredje samling		
Lukas 14,15–24	Det store gjestebodet	s. 24
Fjerde samling		
Matteus 20,1–16	Arbeidarane i vingarden	s. 31
Femte samling		
Lukas 10,25–36	Den miskunnsame samaritanen	s. 39
Sjette samling		
Lukas 15,8–10	Sølvpengen som vart attfunnen	s. 46
Sjuande samling		
Matteus 25,31–46	Dommen	s. 54
Åttande samling		
Johannes 10,11–16	Den gode gjetaren	s. 62

Bruksrettleiing

Mange kan seie mykje klokt om det å vere ein kristen.

Likevel må kvar finne sin eigen veg inn i trua, og kvar må leve henne ut på sin eigen måte.

Opp ned er eit studieopplegg om åtte likningar Jesus fortalte, åtte bilete av ei anna verd, som ei starthjelp til ungdommar som prøver å finne ut kva det er å vere ein kristen.

Til kvar av dei åtte likningane er det laga eit opplegg for gruppесamling. Her er det ingen oppgåver der svaret er gitt på førehand, men truleg mange gode utgangspunkt både for å tenke sjølv og å snakke med dei andre i gruppa.

God vandring!

De treng:

- ein del deltakarar, som blir samla i grupper på om lag seks til åtte personar
- ein hovudleiar
- ein gruppeleiari til kvar gruppe. Dersom det er berre éi gruppe, kan hovudleiaren òg vere gruppeleiari for den eine gruppa
- eit eksemplar av dette heftet til kvar deltakar
- at alle deltakarane har med seg ein bibel eller eit nytestamente og ein blyant til kvar samling
- at gruppeleiaren har med seg eit kubbelys, nokre fyrstikker og nokre notatark til kvar samling

Felles avslutning

Dagens likning

Fadervår

Vår Far i himmelen!

men frels oss frå det vonde.

Lat namnet ditt helgast.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Lat riket ditt koma.

Amen.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

Velsign oss, Gud Fader.

og tilgjev oss vår skuld,

Velsign oss, Guds Son.

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Velsign oss, Guds heilage Ande.

Og lat oss ikkje koma i freistung,

Bruksrettleiing for deg som skal vere med

Hei – og gratulerer med at du har valt å utforske ei rik og annleis verd!

Dette opplegget er tilrettelagt for åtte samlingar. I kvar samling skal du, saman med andre, gå inn i ei av likningane som Jesus fortalte, og finne fram til kva du synest er verdifullt der.

Om du lurer på kva ei likning er, så er det enkle svaret at ei likning er ei forteljing. Jesus begynte ofte likningane sine med å seie at «himmelriket kan liknast med ...» – og så kom det ei forteljing. Dei som høyrde, fekk dermed noko meir enn ei god historie, dei fekk òg vite noko om kva himmelriket er.

Dette opplegget er laga slik at det skal kunne brukast på mange ulike stader. Nokre stader er det kanskje mange deltagarar, andre stader er det færre. Nokre stader kjem deltagarane til å vere inn-delte i fleire grupper, andre stader er det berre éi gruppe. Like fullt har kvar av dei åtte samlingane tre delar:

1. Felles måltid
2. Gruppесamling
3. Felles avslutning

Kvar gruppесamling har to mål: å bli kjend med dagens likning og å ha ein god samtale der alle får vere med. Alle oppgåvene og aktivitetane under samlingane skal gjere det lettare å nå desse to måla. Å ha ein god samtale er viktigare enn å gjere alle oppgåvene, så de kan gjerne sløyfe nokre oppgåver dersom de får i gang ein samtale som gruppa synest er viktig.


Utover i heftet møter du nokre symbol:



Dette symbolet betyr at du skal ta med deg heftet og ein blyant og finne ein stad for deg sjølv der dei andre i gruppa ikkje ser det du skriv.



Dette betyr at de skal gå saman i grupper på to eller tre.



Dette symbolet betyr at heile gruppa skal gjøre noko i lag.



Dersom du ser dette symbolet, er det på tide å ta fram Bibelen.

I kvar samling er det ulike oppgåvetypar. Her kan du prøve deg på ein av dei:

**Svar på spørsmålet
ved å setje eit kryss
på kvar skala.**



Veldig høgtideleg	Lett og ledig
At alle er redde for å seie noko dumt	At det er greitt å seie noko dumt
Alvorleg heile tida	Tøysete heile tida
At det alltid er dei same som seier noko	At alle snakkar like mykje

I dette opplegget finst det ingen galne eller rette svar. Gruppa skal vere ein stad der du kan dele personlege tankar og opplevingar, men vent med det til du kjenner deg trygg på dei andre. Tenk òg på at det kanskje kan vere ting du har mest lyst til å halde for deg sjølv. Ingen skal kjenne seg pressa til å utlevere noko om seg sjølv. Ver open, men du treng ikkje å utlevere deg sjølv.

Lukke til!

Og forresten: Hugs å ta med deg bibel og blyant til kvar samling!

Bruksrettleiing for deg som skal vere gruppeleiari

Aller først: Kor bra at du vil vere leiari! I dei neste avsnitta står det viktigaste du treng å vite om dette opplegget.

Først og fremst er det di oppgåve å sjå til at alle har det godt i gruppa. Det ideelle er at kvar deltakar får kome til orde på kvar samling. Ofte er det likevel slik at nokre snakkar meir enn andre, og det er kanskje greitt. Nokre liker best å lytte.

Set ikkje strenge krav til din eigen kunnskap om Bibelen og kristen tru. Du skal utforske likningane og temaa i lag med dei andre. Derfor er det ikkje di oppgåve å ha alle svara. Du skal heller hjelpe deltakarane i gruppa til å bli kjende med likninga og til å snakke saman.

Likevel er det viktig at du ser gjennom opplegget for kvar samling på førehand, slik at du veit kva de skal gjere, og kva du treng å førebu. Tenk gjennom kva punkt i samlinga du i alle fall vil ha med, og kva du kan sløyfe om det kjem i gang ein god samtale.

Merk at kvar studiesamling sluttar med ein liten tekst som det er di oppgåve å lese høgt. Du bør ha øvd på førehand. Pass dessutan på at du tenner lys og har gruppeavslutning om lag fem minutt før alle gruppene skal møtast til felles avslutning.

Til lystenninga treng du eit kubbelys og nokre fyrstikker. Det kan du spørje hovudleiaren om.

Til første og siste samlinga må du vere klar til å spele songen «Kyrie» med Bjørn Eidsvåg. Då treng du eit lydanlegg, stort eller lite. Songen finn du mellom anna på YouTube eller Spotify.

Ein del stader skal gruppedeltakarane arbeide med oppgåver kvar for seg og deretter fortelje heile gruppa kva dei er komne fram til. Dersom det blir vanskeleg å gå direkte frå å arbeide kvar for seg og til å dele med heile gruppa, kan du godt late deltakarane først snakke i lag i grupper på to eller tre. Deretter kan dei eventuelt dele det dei har snakka om, med resten av gruppa.

Lukke til!

Bruksrettleiing for deg som skal vere hovudleiar

Det er flott at du har teke på deg denne viktige oppgåva! Di rolle er først og fremst å syte for gode rammer rundt samlingane og å følgje opp gruppeleiarane.

Dersom de er mange nok til å dele inn deltakarane i fleire grupper, har du hovudansvaret for å finne ut korleis inndelinga skal vere. Tenk over om det er ein god idé med reine jente- og gutegrupper. Kan samtalen bli opnare om jenter og gutter får vere kvar for seg? Du kan gjerne vere leiar for ei av gruppene sjølv.

Du bør ha eit møte med alle gruppeleiarane før de byrjar. Då kan de til dømes prøve å gå gjennom opplegget for den første samlinga. Etter siste samlinga bør de møtast til ei sluttevaluering der alle får fortelje korleis det har vore å vere gruppeleiar. Ver òg tilgjengeleg for gruppeleiarane etter kvar samling og spør kvar av dei om korleis det har gått.

No skal du få vite meir om korleis du kan leggje opp det praktiske.

I studieopplegget er det planlagt åtte samlingar. Kvar samling er lagd opp slik:

1. Felles måltid

- Velkomst ved hovudleiaren
- Måltid (t.d. enkel kveldsmat med brød og godt pålegg).

Ca. 45 minutt

2. Gruppesamling

- Alle har med seg studiehefte, bibel og blyant inn i gruppene.

Ca. 45 minutt

3. Felles avslutning

- Alle møtest på ein høveleg stad. Når alle er komne tilbake frå gruppесamlingane, kan de t.d. stå eller sitje i ein ring eller på ein annan måte som skaper ro. Så les du dagens likning før alle ber Fadervår og seier fram velsigninga (sjå under bruksrettleiinga på side 4).

Ca. 5 minutt

Du som er hovudleiar, har ansvar for å leie første og siste delen. Det vil seie at du må ha planlagt korleis maten skal kome på bordet, korleis borda skal setjast opp, kven som skal dekkje på, kven som skal rydde etterpå, og så vidare. Det er eit gode om du kan delegere desse oppgåvene til andre, t.d. at dei går på omgang mellom deltakarane, eller om du kan få andre til å hjelpe deg. Måltidet arrangerer de slik de ønskjer. Poenget med å innleie med eit måltid er å skape eit fellesskap der det handlar om meir enn å studere og å løyse oppgåver.

Det er du som ønskjer velkommen og innleier måltidet, og du seier frå når gruppесamlinga skal begynne.

Sjå til at alle gruppeleiarane har eit kubbelys og noko å tenne det med.

Gi gruppeleiarane eit tidspunkt for når dei skal vere tilbake igjen til felles avslutning. Under avsluttinga les du som nemnt først dagens likning. Deretter leier du alle i Fadervår og velsigninga. Det er fint om du kan tekstane utanåt. Elles finn du dei under bruksrettleiinga på side 4.

Kan du òg sende ei tekstmelding til alle deltakarane før kvar samling? Eller kan du lage ei gruppe på Facebook der du legg ut påminningar? Då er det større utsikt for at alle kjem kvar gong.


Etter kvar samling bør du spørje gruppeleiarane korleis det har gått, og høyre om det er noko dei treng.

Ver budd på at nokre av deltakarane kan kome til deg med spørsmål som du kanskje ikkje kjenner deg i stand til å svare på, eller tek opp noko som du ikkje veit korleis du skal respondere på. Då kan du eventuelt seie at du treng litt tid til å tenkje gjennom det dei spør om, og kome tilbake til dei seinare. Pass i så fall på at du ikkje gløymer det, men faktisk følgjer det opp. Du kan òg snakke med nokon av dei tilsette i kyrkjelyden, til dømes prest, diakon eller kateket, om korleis du best kan ta hand om slike situasjonar.

Lukke til som hovudleiar!

FØRSTE SAMLING

Spørjerunde.



Innleiing / bli kjend

Først svarer ein og ein deltar på spørsmål a), deretter svarer kvar på spørsmål b), og så vidare

Fortel dei andre

- a) kva du heiter, og litt om kven du er
- b) noko du liker å drive med (t.d. friidrett, spele data, observere menneske)
- c) noko du har lyst til å gjere ein gong (t.d. hoppe i strikk, arbeide som advokat)
- d) korleis du håper at tonen blir i denne gruppa (t.d. høgtideleg, humoristisk, engasjerande)
- e) ein ting du trur om Jesus (t.d. at han gjekk på vatnet, at han hadde skjegg, at han stod opp frå dei døde, eller noko anna)

Gå i grupper på to eller tre.



Kva kjenneteiknar ein kristen?

Skriv tre stikkord som de meiner beskriv kva det er å vere ein kristen.

1 _____

2 _____

3 _____

Del med kvarandre.



Presentasjon

Les for kvarandre dei orda de har funne fram til.
Fortel gjerne kvifor de valde akkurat desse stikkorda.

Alle finn fram Bibelen og slår opp bibelteksten for dagen.



Gruppeleiaren fortel kva personar og stader de møter i teksten.

Gruppeleiaren les forteljinga høgt.

Vel kva personane i likninga skal heite.



Gå i grupper på to eller tre.



Dagens bibeltekst: Lukas 18,9–14

Likninga om farisearen og tollaren

HOVUDPERSONAR

Ein farisear

Ein tollar

ANDRE PERSONAR

Jesus

Nokre som ser ned på andre

STADER

Ein stad på vegen mot Jerusalem

Tempelet

LIKNINGA OM: FARISEAREN oG TOLLAREN

Vel namn

Her er farisearen og tollaren. Bli einige om kva de vil kalle dei, t.d. «tollaren Jens» og «farisearen Olav», og skriv inn namna.



Farisearen



Tollaren

Gjere og ikkje gjere

Farisearen meinte tydeleg at det var viktig for eit menneske å ikkje:

- svindle
- gjere urett
- bryte ekteskapet

LIKNINGA OM:

FARISEAREN OG TOLLAREN

HØYR HER!
TO MENN GJEKK TIL
TEMPELET FOR Å BE.

DEN EINE VAR FARISEAR,
DEN ANDRE VAR TOLLAR.

EG TAKKAR DEG, GUD, FORDI
EG ALDRI GJER NOKO GALE,

OG FORDI EG IKKJE ER SOM
DEN TOLLAREN DER!

GUD, VER MEG SYNDAR
NÅDIG!

TOLLAREN GJEKK HEIM
RETTFERDIG FOR GUD,
MEN IKKJE DEN ANDRE.

SET DEG SJØLV HØGT, OG DU
SKAL SETJAST LÅGT.
SET DEG SJØLV LÅGT, OG DU
SKAL SETJAST HØGT.

Derimot var det viktig å:

- faste to gonger i veka
- gi bort ein tidel av inntekta

Lag ei liste med tre ting eit menneske ikkje bør gjere (t.d. stele frå andre, ete noko ein finn på bakken).

Eit menneske bør ikkje:

- a) _____
- b) _____
- c) _____

Lag så ei liste med tre ting de synest eit menneske bør gjere (t.d. vere ærleg, følgje draumane sine, pusse tennene minst ein gong om dagen).

Eit menneske bør:

- d) _____
- e) _____
- f) _____

Når listene er ferdige, kan de fylle inn dei same tinga i forteljinga nedanfor. Fyll òg inn dei namna de har gitt farisearen og tollaren.

«To menn gjekk opp til tempelet for å be. Den eine var farisearen _____,

og den andre var tollaren _____. Farisearen stilte seg opp for seg sjølv

og bad slik: 'Eg takkar deg, Gud, fordi eg ikkje er som andre menneske, dei som

_____ , _____ og _____,

[a]

[b]

[c]

og

eller som den tollaren der. Eg _____ , _____

[d]

[e]

og _____.

[f]

ORDLISTE

Farisear:

Farisearane var ei religiøs gruppe-
ring innanfor det jødiske folket.
Dei la vekt på å føre eit heilagt liv
gjennom å halde lovene i Mose-
lova. Fleire stader i Det nye testa-
mentet bruker Jesus skarpe ord
om somme farisearar. Kyrkjå har
gjennom historia omtalt farise-
arane på negative måtar. I vår tid
er det i ferd med å endre seg.
Mellom anna har det vorte meir
tydeleg at Jesus hadde lært mykje
av farisearar. Dessutan har ein
fått opp auga for at også Det nye
testamentet skildrar mange ulike
farisearar. Sjølv om nokre var tyde-
lege motstandarar av Jesus, var
det òg fleire som trudde han var
ein ekte profet.

Tollar:

Uttrykket «tollarar og syndalar»
dukkar ofte opp i Det nye testa-
mentet. Truleg var det mange
som rekna for sjølvsagt at ein tol-
lar var uærleg, og at tollarar tok
seg betre betalt enn dei skulle.

OBS!

Å slå seg for bringa, slik tollaren gjør, er å uttrykkje sorg eller anger, men å slå seg på bringa, slik t.d. Tarzan gjør, er å vise kor tøff ein er.


Tollaren _____ stod langt unna; han ville ikkje ein gong lyfte
auga mot himmelen, men slo seg for bringa og sa: 'Gud, ver meg syndar nådig!'

Sei noko til farisearen!

Tenk deg dette:

Ein kveld du er ute og går ein tur, høyrer du med eitt stemma til ein mann som du veit er ein aktiv kyrkjegjengjar. Han går nokre meter bak deg og snakkar i telefonen, og du høyrer han seie ei rekke stygge ting om ei dame som òg er mykje i kyrkja. Då kan du berre ikkje dy deg. Du snur deg og seier:

Del med kvarandre.



Snakk saman.

Presentasjon

Alle gruppene les sin versjon av forteljinga om farisearen og tollaren.

Alle gruppene les det de vil seie til personen som baksnakka.

Snakk saman om dagens likning.

- Kven snakkar mest sant om seg sjølv? Tollaren eller farisearen? Kvifor?
 - Kva vil det seie å snakke sant om seg sjølv?
 - Trur du at folk flest snakkar sant om seg sjølv?
 - Kven viser du mest til av sanninga om deg sjølv?

På ein skala

Kvar er du på skalaen mellom tollaren og farisearen?

Tollaren gjer mykje gale, men ber om tilgiving. Farisearen gjer det meste rett, men er arroqant og sjølvgod. Kven ville du ha reist på ferie med?

tollaren farisearen

Svar på spørsmåla ved å setje eit kryss på skalaen.



Trur du farisearen var god til å lytte?

nei	ja
-----	----

Trur du tollaren hadde mykje humor?

nei	ja
-----	----

Tenk deg at tollaren har tent mange millionar kroner på svindel. Synest du i så fall at han slepp billig frå det når Gud berre tilgir han?

ja, han bør betale tilbake alt før han blir tilgitt	nei, han har då bedt Gud om tilgiving
--	--

Meiner du at farisearen snakka sant om seg sjølv?

nei	ja
-----	----

Tenk deg at farisearen har gitt mange millionar kroner til fattige born. Synest du då at Jesus er for streng med han?

ja, Jesus bør ta omsyn til alt han har gitt	nei, han er så sjølvgod at han ikkje fortener anna
---	---

Trur du tollaren var glad i andre menneske?

nei	ja
-----	----

Trur du farisearen var glad i andre menneske?

nei	ja
-----	----

Meiner du at farisearen snakka sant om tollaren?

nei	ja
-----	----

Samanlikn svara.



Snakk saman

Gå gjennom spørsmåla i oppgåva ovanfor. Snakk saman om kva de har svart, og kvifor de har svart slik.

**Svar på minst eitt
av spørsmåla.**

Faste spørsmål

Ei likning er ei forteljing som kan handle om fleire ting. I denne forteljinga handlar det om to menneske i eit tempel. Forteljinga kan likevel handle om noko meir enn berre desse to mennene. Kva seier Jesus i denne forteljinga ...

- ... om korleis menneske burde vere?
- ... om korleis menneske er?
- ... om korleis Gud er?
- ... om korleis himmelriket er?

Gå i grupper på to eller tre.




Filmtittel

Filmtitlar har ofte ein hovudtittel og ein undertittel. Lag ein slik filmtittel med undertittel til denne forteljinga, t.d. slik:

Du lyg! – ei forteljing om å bli avslørt

eller kanskje slik:

Eg angrar – ei historie om å tilgi



Vel ein av filmtitlane

Kvar gruppe les sitt forslag til filmtittel.

Gruppa blir einig om ein av filmtitlane. Alle skriv han inn som tittel på denne første samlinga, øvst på side 10.

Dersom de har tid ...




Les meir i Bibelen

Dersom de har igjen litt tid, kan de slå opp i ei eller fleire av bibeltilvisingane nedanfor. Lat nokon lese bibeltekstane høgt. Snakk saman om kva som er likt mellom desse bibeltekstane og dagens likning.

- Lukas 23,32–43
- Johannes' første brev 1,9
- Ordtaka 28,13

**Gruppeleiaren har ansvar
for gruppeavslutninga.**



Lystenning og avslutning i gruppa

Gruppeleiaren les kva lyset står for i dag.

Lyset får nytt innhald i kvar samling.

I dag er lyset ei stille bøn.

Når eg tenner lyset, kan du tenkje på at Gud elskar deg akkurat slik du er.

JESUS

KRISTEN

GRUPPER

TENKJE SJØLV

SNAKKE

LYTTE

LESE

DISKUTERE

JESUS FORTALDE OFTE HISTORIER SOM OVERRASKA FOLK. OPP NED ER EIT SAMTALEOPPLEGG PÅ ÅTTE SAMLINGAR BASERT PÅ LIKNINGAR SOM JESUS FORTALDE. DET KAN BRUKAST MED MANGE ELLER FÅ DELTAKARAR OG UAVHENGIG AV KOR MYKJE FØREHANDSKUNNSKAP EIN MÅTTE HA. SNAKK SAMAN I GRUPPA, TENK PÅ EIGA HAND OG LØYS OPPGÅVENE. SVARET BESTEMMER DU.

LE

UNG

EI ANNLEIS
VERD

ARBEIDSBOK

HJELPE

LIKNINGAR

UTFORSKE

VERDIFULL

N

Nynorsk

ISBN 978-82-543-1263-6



9 788254 312636

 Verbum